



**Austrheim**  
KOMMUNE

# **Finansreglement**

# Innhold

<b>1 Generelt .....</b>	<b>4</b>
1.1. Føremål.....	4
1.2. Heimel.....	4
1.3. Kven reglementet gjeld for .....	4
1.4. Gyldighet .....	4
1.5. Rammer og omfang.....	4
1.6. Definisjonar .....	5
1.7. Etske retningslinjer .....	5
1.8. Ansvar og mynde .....	5
<b>2. Risiko .....</b>	<b>6</b>
2.1. Finansiell risiko og risikovurdering .....	6
2.2. Definisjon finansiell risiko.....	6
2.2.1. Risikoklassar .....	6
2.2.2. Spreiing av risiko/risikoprofil/reduksjon av risiko.....	7
2.2.3. Internkontroll.....	7
<b>3. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål .....</b>	<b>7</b>
3.1. Definisjon.....	7
3.2. Rammer .....	7
3.3. Målsetting .....	8
3.4. Porteføljesamansetning.....	8
3.4.1. Driftslikviditet.....	8
3.4.2. Overskotslikviditet.....	8
<b>4. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.....</b>	<b>8</b>
4.1. Definisjon .....	9

4.2. Målsetting .....	9
4.3. Porteføljesamansetning.....	9
4.3.1. Plassering .....	9
<b>5. Forvaltning av kommunen si gjeld og andre finansieringsavtaler .....</b>	<b>10</b>
5.1. Definisjon.....	10
5.2. Rammer .....	10
5.3. Målsetting.....	10
5.4. Porteføljesamansetning .....	10
5.5. Rentebinding.....	11
<b>6. Rapportering .....</b>	<b>11</b>
6.1. Omfang.....	11
6.2. Stresstest.....	12
<b>7. Avvik.....</b>	<b>12</b>
<b>8. Fullmakt og delegering .....</b>	<b>12</b>
8.1. Låneopptak og forvaltning av låneportefølje .....	12
8.2. Plassering av ledig likviditet.....	13
8.3. Plassering av langsiktig finansiell aktiva .....	13

# 1 Generelt

## 1.1. FØREMÅL

Kommunen sitt finansreglement skal gje rammer og retningslinjer for kommunen si samlafinansforvaltning, med målsettingar, risikoavgrensingar, strategiar, fullmakter og rapportering. Desse retningslinjene skal sikra at kommunen har:

- **Likviditet til å dekkja løpande plikter**
- **God avkastning på kommunen sine plasseringar av likvide midlar**
- **Stabile og låge finanskostnadar på låneporteføljen**

## 1.2. HEIMEL

Finansreglementet er utarbeidd med heimel i Kommuneleva §14-2, og Forskrift om kommunars og fylkeskommunars finans- og gjeldsforvaltning (Forskrifta).

Kommuneleva gir føringar om at kommunen «skal forvalta finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, blant anna slik at betalingsforplikting kan innfriast ved forfall».

## 1.3. KVEN REGLEMENTET GJELD FOR

Reglementet gjeld for Austrheim kommune. Reglementet gjeld også for kommunaleføretak etter kommuneleva § 9.

I den grad eit kommunalt føretak har eiga finansforvaltning, skal denne utøvast i tråd med dette finansreglementet.

## 1.4. GYLDIGHEIT

Reglementet trer i kraft frå og med 01.01.2024.

I henhold til kommuneleva §14-13 skal finansreglementet reviderast når det er naudsynt for å unngå vesentleg finansiell risiko og overhalde betalingsforpliktingane til kommunen.

## 1.5. RAMMER OG OMFANG

Finansreglementet omfattar kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (gjeld) og går konkret inn på:

- **Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål (midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet)**
- **Forvaltning av langsiktige finansielle midlar (midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont)**
- **Forvaltning av gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar**

Kommunen si finansforvaltning skal drivast ut frå omsynet til ei forsvarleg økonomiforvaltning og omsynet til å kunne dekkja løpande betalingsplikter. Finansforvaltninga skal skje slik at omsynet til balanse mellom avkastning, risiko og

likviditet vert ivaretatt.

Forvaltning av ledig likviditet, gjeldsportefølje og/eller langsiktige finansielle aktiva kan setjast bort til ekstern forvaltar med konsesjon frå Finanstilsynet eller tilsvarande med mynde i EØS-området.

Austrheim kommune kan ikkje pådra seg finansiell risiko utover den ramma som ergitt i dette reglementet.

Reglementet omfattar ikkje forvaltning av pensjonsmidlar, som er regulert i eige regelverk, eller eige av aksjar eller delar i selskap når eigarskapen ikkje er rekna for forvaltning av ledig likviditet (t.d. eigarskap som er næringspolitisk eller samfunnsmessig motivert).

## 1.6. DEFINISJONAR

Aktivaklasse

Namn på dei ulike hovudalternativa for plassering av pengar. For eksempel; Norske aksjar, norske obligasjonar og kortsiktige plasseringar i pengemarknaden

Finansielle aktiva

Oftast verdiar i verdipapir og bankinnskot, i motsetning til realaktiva som bygningar, maskiner, biler, innbu etc.

Likvide midlar

Lett omsettelege verdiar, ofte pengar, bankinnskot, pengemarknads plasseringar, fondsplasseringar eller aksjar som er enkle å kjøpa og selje – omløpsmidlar.

Portefølje

Plasseringsportefølje; ei samling av fleire verdipapir for eksempel fleire ulike obligasjonar og sertifikat, eventuelt obligasjonar, sertifikat og aksjar. Ved plassering i verdipapirfond, blir pengane plassert i ei ferdig portefølje. Ein nyttar også omgrepet portefølje for plasseringar i ulike fond. Låneportefølje; ein debitor sine samla lån. For ein kommune består låneporteføljenav lån frå bank, lån i sertifikatmarknaden og obligasjonslån.

## 1.7. ETISKE RETNINGSLINJER

Austrheim kommune sin investeringsstrategi skal gjera at kommunen unngår investeringar som inneber ein risiko for å medverke til uetiske handlingar som krenking av menneskerettar og arbeidstakarrettar, korrupsjon og miljøødelegging. – i samsvar med Global Compact FN's PRI (Principles for responsible investments).

Austrheim kommune skal ikkje gjera eigne analysar for å sikra at kriteria i FN si PRI er fylgt, men støttar ser til tilgjengeleg dokumentasjon frå anerkjende nasjonale og internasjonale analysemiljø. Dei etiske retningslinjene til Statens Pensjonsfond Utland skal vera retningsgjevande for kommunen si finansforvaltning. Kommunen skal også følgje vurderingar frå Finansdepartementet med omsyn til å ekskludere selskap frå Statens Pensjonsfond Utland.

## 1.8. ANSVAR OG MYNDE

Kommunestyret har det overordna ansvaret for kommunen si finans- og gjeldsforvaltning. Kommunedirektøren er ansvarleg for at forvaltninga skjer på ein forsvarleg måte og i tråd med dettereglementet.

# 2. Risiko

## 2.1. FINANSIELL RISIKO OG RISIKOVURDERING

Kommunen er utsett for finansiell risiko ved plassering av midlar og lån av midlar. Finansiellrisiko er den usikkerheita som finst om utviklinga på verdien av plasseringa eller forpliktingaframover. Austrheim kommune skal forvalta gjeld og finansar slik kommunen ikkje vert påført vesentleg finansiell risiko.

## 2.2. DEFINISJON FINANSIELL RISIKO

Før kommunen gjer plasseringar eller tar opp gjeld, skal risiko med dette vera analysert ogdefinert. Det finst ulike typar finansiell risiko:

### Kredittrisiko

Risiko for at ein motpart i ein kontrakt ikkje betalar tilbake sine plikter.

### Marknadsrisiko

Risiko for tap som følgje av endringar i prisar eller kurssvingingar i marknaden (systematiskrisiko).

### Renterisiko

Risiko for at kursen på eit verdipapir/verdien av eit lån endrar seg når renta enten stig ellergår ned.

### Refinansieringsrisiko

Risiko for at eit lån ikkje lar seg refinansiera ved forfall. Særleg aktuelt ved sertifikat-/obligasjonslån.

### Likviditetsrisiko

Risiko for at eit verdipapir ikkje kan seljast og dermed ikkje kan gjerast disponible i løpet av ein rimeleg tidsperiode.

### Valutarisiko

Risiko for tap på plasseringar og lån som følgje av endringar i valutakursen.

### Selskapsrisiko

Risiko for tap knytt til eitt enkelt selskap, ikkje marknaden generelt (usystematisk risiko).

### 2.2.1. Risikoklassar

Kredittrisiko skal klassifiserast i følgjande risikoklassar;

#### Risikoklasse 1

Obligasjonar/sertifikat utferda av den norske stat eller føretak med statsgaranti, samtstatsobligasjonsfond.

#### Risikoklasse 2

Norske obligasjonar med førerrett, obligasjonar/sertifikat utferda av statsføretak, fylkeskommunar og kommunar, kraftverk med garanti frå kommune/ fylkeskommune, bankar, forsikringselskap og kredittføretak, innskot i bankar. BIS vekt skal vera maksimum 20 %.

Pengemarknads- og obligasjonsfond etter same kriterium som over. Obligasjonar, sertifikatog innskot som inngår i Risikoklasse 2 og Risikoklasse 3 (enten enkeltvis eller gjennom verdipapirfond) skal minimum vera ratet "investmentgrade" dvs. BBB- eller betre.

#### Risikoklasse 3

Norske obligasjonar / sertifikat utferda av industriføretak eller liknande, eller fond

med tilsvarende risiko. BIS vekt kan vera inntil 100 %. Pengemarknads- og obligasjonsfond ettersom kriterium som over.

Risikoklasse  
e 4

Ansvarlege lån

Risikoklasse 5  
Norske aksjefond, aktivt forvalta aksje- eigenkapitalbevisporteføljer bestående av direkteeigde verdipapir notert på Oslo Børs.

Risikoklasse 6  
Enkeltaksjar, grunnfondsbevis og private equity

### **2.2.2. Spreiing av risiko/risikoprofil/reduksjon av risiko**

Kommunen skal redusere den finansielle risiko gjennom å fordela plasseringane og låna på fleire aktivaklassar, debitorgrupper og utstedarar. Dette vil gi ei meir stabil og føreseieleg avkastning og kostnader over tid.

### **2.2.3. Internkontroll**

Kommunedirektøren skal sørge for at Austrheim kommune har nødvendig kunnskap og rutinar om finansforvaltning slik at den vert utøvd i tråd med reglementet, lovar og forskrifter.

## **3. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål**

### **3.1. DEFINISJON**

Kommunen sin kortsiktige likviditet er definert som midlar tilgjengelege for å dekke betalingsplikter ved forfall. Driftslikviditet er den delen av kortsiktig likviditet som kan knytast til betalingsplikter som har forfall på kort sikt medan overskotslikviditet er den delen av kortsiktig likviditet som kan knytast til betalingsplikter som ikkje har forfall på kort sikt. Med kort sikt meinast dei neste 90 dagane.

### **3.2. RAMMER**

Kommunen skal inngå rammeavtale med ein bank for å ivareta behovet for banktenester.

Ved plassering av kortsiktige midlar, er det ein føresetnad at det ligg til grunn ein likviditetsprognose. Denne skal sørge for at kommunen til ei kvar tid har nok likviditet til å dekke betalingspliktene, og plassering av midlar skal berre skje dersom prognosen tillèt det, og dersom tilfredsstillande avkastning vert oppnådd. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål skal vere forvalta med lav finansiell risiko og høg likviditet.

### 3.3. MÅLSETTING

Forvaltninga av kommunen sine kortsiktige midlar skal fyrst og fremst sikra at kommunen

har tilstrekkeleg likviditet til å dekkja sine løpande betalingsplikter, sekundært gje avkastning lik eller betre enn innskotsvilkår til kommunens hovudbankavtale.

### 3.4. PORTEFØLJESAMANSETNING

#### 3.4.1. Driftslikviditet

Driftslikviditet, som skal dekkja kortsiktige betalingsplikter, skal som hovudregel vera plassert på bankkonto i kommunen sin hovudbank. Kommunen skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg driftslikviditet inkludert eventuelle trekkrettar som minst er like stor som forventa likviditetsbehov i dei neste 90 dagane. Likviditet utover driftslikviditet utgjer overskotslikviditet.

#### 3.4.2. Overskotslikviditet

Kommunen sin overskotslikviditet skal, der det er mogleg, plasserast med betre rentevilkår enn ved ordinært bankinnskot. I tillegg til å kunna plassera desse midlane på bankkonto, kan dei også plasserast i rentebærande verdipapir og på rentefond.

Overskotslikviditet kan plasserast med inntil 12 månaders renterisiko (durasjon). Ved å haldeseg innanfor eitt års renterisiko, vil plasseringa ha lågare følsemd for renteoppgang.

Overskotslikviditet kan plasserast slik:

- **Bankinnskot**
  - **I norske bankar med minimumsrating BBB**
- **Renteberande verdipapir**
  - **Utsendt eller garantert av den norske stat, norske statsføretak, norskekommunar eller fylkeskommunar**
  - **Løpetid på maksimum 12 månader**
- **Rentefond**
  - **Renterisiko (durasjon) på inntil 12 mnd.**
  - **Løpetid skal ikkje overstige 12 mnd.**
  - **Maksimal plassering i fond skal ikkje overstiga 1 % av fondets verdi**
  - **Fondet skal ikkje ha valutarisiko**

Med omsyn til risiko ved plassering av overskotslikviditet, skal ikkje midlar til driftsføremålplasserast i aksjefond, enkeltaksjar eller i ansvarlege lån. Dette vil si at kommunen vert avgrensa til å nytte risikoklasse 1-3 (jf. kapittel 2) ved plassering av overskotslikviditet.

## 4. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva



## 4.1. DEFINISJON

Langsiktige finansielle aktiva er midlar som ikkje kan reknast som ledige likvidar og midlar til driftsføremål, og som ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan reknast som forsvarleg åforvalta med ein lang tidshorisont på minimum 5 år. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva må vera skilt frå forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål.

## 4.2. MÅLSETTING

Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastningsom kjem dagens og framtidige innbyggjarar til gode. Mål om ein årleg gjennomsnittleg avkastning på minimum 2,5 prosentpoeng høgare enn avkastninga på ein 10-årig norsk statsobligasjon.

Kommunen si forvaltning skal vera diversifisert, med fordeling på fleire aktivaklassar, og fleireutstederar innad i den enkelte aktivaklasse. Ei slik fordeling av portefølje vil redusera risiko for kommunen.

Austrheim kommune vil driva ein meir miljø- og klimavennleg finansforvaltning ved plassering av langsiktige finansielle aktiva, under føresetnad at dette ikkje aukar risikoeller svekka avkastning.

## 4.3. PORTEFØLJESAMANSETNING

### 4.3.1. Plassering

Kommunen skal ha ei velbalansert portefølje som fungerer optimalt under skiftandeøkonomiske forhold. Kommunen sine langsiktige finansielle aktiva kan plasserast i:

- **Bankinnskot**
- **Sertifikat**
- **Obligasjonar og obligasjonsfond**
- **Pengemarknadsfond**
- **Kombinasjonsfond og rentefond (klassifisert med låg risiko)**
- **Aksjefond**
- **Eigenkapitalbevis**

For å styra kredittrisiko skal følgjande avgrensingar gjelde for plasseringane:

<b>Kredittrisiko</b>	<b>Total porteføljefordeling av total forvaltningskapital</b>
<b>Risikoklasse 1</b>	<b>Maksimum 100 %</b>
<b>Risikoklasse 2</b>	<b>Maksimum 100 %</b>
<b>Risikoklasse 3</b>	<b>Maksimum 25 %</b>
<b>Risikoklasse 4</b>	<b>Maksimum 5 %</b>
<b>Risikoklasse 5</b>	<b>Maksimum 5 %</b>
<b>Risikoklasse 6</b>	<b>Skal ikkje nyttast</b>

Maksimalt 10 % av kommunen sin totale forvaltningskapital kan plasserast i eitenkelt verdipapirfond.

Kommunen kan heller ikkje eige meir enn 10 % av fondsandelane i eit

enkelt verdipapirfond. Kommunen si eksponering (innskot og direkteigde obligasjonar/sertifikat) i ein enkelt bank skal ikkje utgjera meir enn 2 % av forvaltningskapitalen til banken.

Fonda skal vera underlagt tilsyn av Finanstilsynet eller tilsvarande mynde for utanlandske fond. Fonda skal ha låg til moderat kredittisiko og god spreing når det gjeld utstederar og talet på verdipapir. Fonda skal ikkje ha avgrensing i uttaksrett og plasserte midlar skal veratilgjengeleg for kommunen i løpet av 3 arbeidsdagar. Utanlandske obligasjonsfond skal valutasikrast.

Ved sal av eignelutar vert det frigjort kapital til langsiktig forvaltning av formue. Ved sal aveigedomar der bruken av midlar ikkje er bestemt eller ligg langt fram i tid, kan aktiva plasserast langsiktig. Føremålet skal vera å få høgare avkastning enn bankinnskot utan at risikoen er for høg.

## 5. Forvaltning av kommunen si gjeld og andre finansieringsavtalar

### 5.1. DEFINISJON

Gjeld og andre finansieringsavtalar omfattar mellom anna lån som er tatt opp for å finansierakommunen sine egne, eller andre sine investeringar, lån for vidare utlån (startlån), eventuelle refinansieringar og finansiell leasing.

### 5.2. RAMMER

Vilkåra som kommunen må legge til grunn ved låneopptak er regulert i kommunelova §14-14. Låneopptak skal vere i samsvar med kommunestyret sitt vedteke investeringsbudsjett, og kommunen sitt likviditetsbehov. Forventningar om renteendringar og rentenivå skal også tas med i vurderinga ved opptak av nye lån. Gjeldsportefølja skal vera i tråd med ei kvar tid gjeldande lovar, reglar og forskrifter.

Kommunestyret vedtar storleiken for opptak av nye lån i budsjettåret i samband med budsjettvedtaket.

Opptak av nye lån skal elles skje i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar (lov og forskrift). Det skal innhentast tilbod frå meir enn ein låneinstitusjon, og desse er venta å verakonkurransedyktige.

### 5.3. MÅLSETTING

Austrheim kommune skal forvalta låneportefølja på ein slik måte at finanskostnadane blir så låge som mogleg, samtidig som det vert tatt omsyn til å ha føreseielege utgifter og akseptabelt nivå for risiko.

### 5.4. PORTEFØLJESAMANSETNING

Låneportefølja bør bestå av færrast mogleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa. Låneportefølja skal bestå av lån i fleire låneinstitusjonar slikat kommunen har tilgang på finansiering frå fleire plassar. Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar,

samt i livselskap. Låna kan enten vere opne seriar (rammelån), eller utan avdrag (bulletlån), og finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing, og det er høve til å leggje ut lån på sertifikat- og obligasjonsmarknaden.

Kommunen kan ta opp forskjellige typar lån:

- **lån med PT-rente (renta fylgjer utviklinga i dei korte pengemarknadsrentene)**
- **lån med rente knytt til NIBOR +/- påslag**
- **lån med fast rente**
- **lån med kombinasjonsrente**
- **bulletlån**
- **obligasjonslån**
- **sertifikatlån**

## 5.5. RENTEBINDING

Styring av låneportefølja skal skje ved å optimalisera låneopptak og rentebindingsperiode. Dett skal gjerast i høve til vurderingar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ønskje om føreseielege og stabile lånekostnader.

Vidareformidlingslån fra Husbanken, samt ein del av kommunens totale lånegjeld som er knytt til rentekompensasjonsordningar eller sjølvkostområdet skal til alle tider ligge med flytande rente. Dette er sjølvfinansierende gjeld kvar rentekostnaden kompensert med tilsvarende inntekter. Annan gjeld etter fråtrekk av lån nemnd i avsnittet over utgjør den renteberande lånegjelda. Kommunens rentesikring skal berre vera knytt til renteesponert gjeld.

Av netto renteesponert gjeld skal minimum 33% ha flytande renter (opphavleg rentebinding under 1 år), og minimum 33% skal ha fast rente (opphaveleg rentebinding over 1 år). Resten vurderast ut ifrå at kommunen i utgangspunktet skal vera rentenøytral.

Kommunen skal inngå rentebinding med jamne mellomrom, og tidspunktet for renteregulering skal spreia. Samla gjeldsportefølje bør ha ei gjennomsnittleg renteløpetid på mellom 0,5-3 år.

Det er mogleg å ta i bruk rentebytteavtalar (SWAP), og framtidige renteavtalar (FRA), for å oppnå ynskja rentebinding. Ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt må tilseie at ei slik endring er ønskjeleg før kommunen tar i bruk slike avtalar.

Storleik på enkeltlån og refinansieringsrisiko

Eitt enkelt lån skal ikkje utgjera meir enn 33% av den samla brutto gjeldsportefølja. Gjennomsnittleg vekta løpetid på låna (tid til forfall) bør vera over 1 år for å redusera refinansieringsrisiko, og for å regulera kor stor andel av lånegjelda som kjem til forfall.

# 6. Rapportering

## 6.1. OMFANG

Kommunedirektøren skal gjennom året leggja fram rapportar for kommunestyret

som viser statusfor kommunen si finansforvaltning per tertial. I tillegg skal kommunedirektøren i samband med årsmeldinga leggja fram ein rapport som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapportane skal innehalda minimumskrav i følgje Kommunelova og Forskrifta, og skal blantanna innehalde:

- **Vurdering av kommunen sin finansielle risiko og eventuell endring av denne**
- **Oversikt over korleis aktiva og passiva er forvalta og verdien på desse**
- **Avkastning og relevante nøkkeltal**
- **Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammane ifinansreglementet**

## 6.2. STRESSTEST

Kommunen skal ved kvar rapportering gjera ein stresstest som viser kommunen si samla risiko ved endringar i rente og verdiendring på fond. Dersom kommunedirektøren si vurdering er at det potensielle tapet er for stort i høve til kommunen si risikoberande evne, skal kommunedirektøren leggja fram forslag til endring i reglementet og samansetninga av den risikoberande porteføljen. Berekna tap skal ikkje vera større enn kommunen sitt disposisjonsfond.

## 7. Avvik

Når det vert konstatert avvik mellom faktisk finansforvaltning og finansreglementet sine rammer, skal slikt avvik lukkast så raskt som mogleg ut frå ei vurdering av økonomisk risiko og tap. Avviket og eventuelt økonomisk konsekvens av avviket, skal rapporterast ved neste finansrapportering, saman med forslag til rutineendringar som vil redusera sjansane for sliktavvik i framtida.

## 8. Fullmakt og delegering

Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finans- og gjeldsforvaltninga. Kommunedirektøren skal med heimel i dette finans- og gjeldsforvaltningsreglementet, utarbeida nødvendige fullmakter, instruksar og rutinar for dei enkelte forvaltningsformar. Det kan hentast ekstern bistand dersom kommunedirektøren vurderer dette som nødvendig. Innanfor dei retningslinjene som følgjer av dette reglementet vert kommunedirektøren gitt følgjande fullmakter:

### 8.1. LÅNEOPPTAK OG FORVALTING AV LÅNEPORTEFØLJE

- **Gjennomføra låneopptak etter lovleg vedtak i kommunestyret**
- **Gjennomføra refinansiering av eksisterande lån**
- **Inngå avtale om rentebinding i samsvar med reglementet**
- **Godkjenna låneinstitusjon og rentevilkår, og skriva under på lånepapir**
- **Godkjenna rentebyteavtale og framtidige renteavtalar**

- **Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå avtale om trekkrettar på inntil 50 mill.kr.**

## **8.2. PLASSERING AV LEDIG LIKVIDITET**

- **Velja finansinstitusjon**
- **Inngå avtale om kjøp og sal av verdipapir**
- **Velja plasseringar og vilkår for plasseringar**
- 

## **8.3. PLASSERING AV LANGSIKTIG FINANSIELL AKTIVA**

- **Velja finansinstitusjon**
- **Inngå avtale om kjøp og sal av verdipapir**
- **Velja plasseringar og vilkår for plasseringar**